

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 26. januar 2022
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord rådhus, Ølen /digitalt møte - Teams

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

I samsvar med kommunale tilrådingar for smittevernomsyn blir møtet digitalt.

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Dagleg leiar i Vindafjord Tomteselskap AS er invitert i sak 3

SAKLISTE:

- 01/22 Godkjenning av protokoll frå møte 17.11.21**
- 02/22 Referat- og orienteringssaker 26.01.22**
- 03/22 Vindafjord Tomteselskap AS – orientering om selskapet**
- 04/22 Plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap**
- 05/22 Tinging av revisjonsprosjekt – «Oppfølging av førespurnader til kommunen»**
- 06/22 Revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar – forenkla etterlevingskontroll 2021**
- 07/22 Kontrollutvalet sin årsplan 2022**
- 08/22 Kontrollutvalet si årsmelding 2021**

Ymse

Ølen/Aksdal, 19.01.22

Kristian H. Ressel (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign)
for utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (til orientering)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	26.01.22	01/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.11.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 17.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 17.11.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 17.11.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 14.01.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag 17. november 2021 blei det halde digitalt møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Resset.

MØTESTAD:	Teamsmøte
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 17.05
MØTANDE MEDLEMER:	Kristian H. Resset (BBL), Eivind Hetland (Krf), Anne Tone Salte Andersen (H) og Knut Severin Berge (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	2. vara Inga Elise Steinsland (Sp)
FORFALL:	Olaug Mari Øen (Sp), 1. vara Øyvind Oland (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Leiar forvaltningsrevisjon Silje Nygård
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Ole Johan Vierdal (Sp)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 30/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.10.21****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 27.10.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 17.11.21:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.11.21:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 27.10.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 31/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.11.21

- 45. Statusrapport pr. november 2021
- 46. Økonomirapport kontroll og tilsyn pr. november 2021
- 47. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 02.12.21
- 48. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 10.12.21
- 49. Invitasjon til NKRF's kontrollutvalgskonferanse 2. – 3. februar 2022

Handsaming i kontrollutvalet 17.11.21:

Utvalsleiar gjekk kort gjennom referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.11.21:

Referatsaker 45 – 49 blir tatt til orientering.

SAK 32/21 VAL AV NYTT REVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på revisjonsprosjektettil neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 17.11.21:

Leiar innleia og refererte til handsaminga i førre møtet. Medlemmene drøfta kva for prosjekt dei skulle velja. Utvalet blei samd om å velja prosjektet om «Digitalisering og IKT», med vekt på bruken av digitalisering og brukarperspektivet.

Medlemmene kom med innspel og synspunkt på kva som burde vektleggjast i forvaltningsrevisjonen.

Forvaltningsrevisor Silje Nygård noterte seg innspela. Ho viste eit døme frå Hå kommune. Medlemmene meinte det var eit godt døme på kva utvalet ønskte seg i dette prosjektet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.11.21:

Vindafjord kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på revisjonsprosjektet «Digitalisering og IKT» til neste møte.

SAK 33/21 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN OG KOMMUNALE SELSKAP

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

- 1. møte 2022
- 2. møte 2022
- 3. møte 2022
- 4. møte 2022
- 5. møte 2022
- 6. møte 2022

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 17.11.21:

Leiar innleia om saka. Han meinte det var nyttig for utvalet med denne form for orienteringar. Medlemmene stetta leiaren i det. Utvalet blei samd om å invitera Vindafjord Tomteselskap AS til fyrste møtet i 2022. Medlemmene blei samde om å kome tilbake til planen i neste møte.

Leiar og nestleiar fekk fullmakt til å utforme spørsmål/tema for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.11.21:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

1. møte 2022 Vindafjord Tomteselskap AS

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Utvalet kjem attende til saka i neste møte.

SAK 34/21 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2022:

onsdag: 26.01, 04.05, 01.06, 07.09, 05.10, og 16.11 – kl. 15.00

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 17.11.21:

Utvalsleiar gjorde kort greie for framlegget. Utvalet hadde ingen merknader og stetta framlegget til møteplan.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.11.21:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2022:

onsdag: 26.01, 04.05, 01.06, 07.09, 05.10, og 16.11 – kl. 15.00

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 26.01.22, kl. 15.00

Førebels saker: utvalet si årsmelding, prosjektplan for revisjonsprosjektet «Digitalisering og IKT», orientering frå Vindafjord Tomteselskap AS og plan for orienteringar.

Ølen/Aksdal, 17.11.21

Kristian H. Risset
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	26.01.22	02/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 26.01.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker 1 – 12 blir tatt til orientering.

Saksvedlegg:

1. Statusrapport pr. januar 2022
2. Oversikt over kostnadene til kontroll og revisjon 2021
3. Tertialrapport pr. 31.12.21 frå Rogaland Revisjon IKS
4. KST-vedtak 14.12.21, sak 80/21 – rapport «*Internkontroll i barnehage og skule*»
5. Protokoll frå repr. møte i HIM IKS 02.12.21
6. Protokoll frå repr. møte i Haugaland Vekst IKS 10.12.21 (ikkje sign.)
7. Konferansen i Sandnes 02.12.21 v/sekretær
8. Statsforvalter i Rogaland - Informasjon om statlige tilsyn med kommunene i 2022
9. Rogaland fylkeskommune v/kontrollsjef – forvaltn.rev.rapport «*Haugalandspakken*»
10. Hgsds Avis om fylkestingsbehandling av rapport i møtet 14.12.21, sak 131/21
11. Fylkestingets behandling og vedtak 14.12.21, sak 131/21
12. Forvaltningsrevisjonsrapport «*Haugalandspakken*» (eige vedlegg – 100 s. - også sendt ut i desember 2021 til medlemmene)

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 19.01.22

Toril Hallsjø for
Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Oppfølging av førespurnader til kommunen	26.01.22	200 timar	Prosjekt-mandat er utarbeida		
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama av KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Internkontroll i barnehage og skule	03.02.21	27.10.21	14.12.21	07.09.22	9 tilrådingar/ Deloitte AS
Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta	27.05.20	04.11.20	15.12.20	05.05.21/ 22.06.21	Ny oppfølging i mai 2022

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for eigarskapskontroll	20.11.20	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Plan for forvaltningsrevisjon	20.11.19	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Rus- og psykiatritenesta	21.11.18	02.10.19	19.11.19	09.09.20/ 22.09.20	Avslutta
IKT og informasjons-tryggleik	22.11.17	12.09.18	31.10.18	08.05.19/ 28.05.19	Avslutta
Samhandlingsreforma	16.11.16	13.09.17	31.10.17	25.04.18/ 29.05.18	Avslutta

Orienteringar	Bestilt	Møte dato
Vindafjord Tomteselskap	17.11.21	26.01.22
Orientering frå samfunnsutviklar	16.06.20	08.09.21
Orientering frå personalsjef	16.06.20	16.06.21
Orientering frå økonomisjef	16.06.20	05.05.21
Orientering om helse og omsorg	16.06.20	03.02.21
Orientering om oppvekst	16.06.20	04.11.20
Orientering frå kommunedirektøren	16.06.20	09.09.20

Prioriterte prosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eigarskapskontroll

Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt:

1. Internkontroll og kvalitetssystem, bestilt i møte 03.02.21, sak 5/21
2. Investeringar
3. Barnevernstenesta
4. Digitalisering og IKT
5. Plan- og byggesak

Prioriterte prosjekter for eigarskapskontroll:

1. Vindafjord tomteselskap AS
2. Krisesenter Vest IKS
3. Arbeidsmarknadsbedrifter
4. Haugaland brann og redning IKS

Rekneskap kontroll og revisjon 2021


Ansvar	Teneste	Art	Budsjett	Rekneskap	Avvik
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10800 Godtgjersle politiske verv	29 600	29 640	-40
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10801 Møtegodtgjersle	13 000	9 778	3 222
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10802 Tapt arbeidsforteneste	2 000		2 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10990 Arbeidsgjevaravgift	6 000	5 525	475
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11151 Bevertning	2 000	2 330	-330
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11306 Utgiftsdekning telefoni		700	-700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11501 Opplæring og kurs	30 000	14 450	15 550
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11600 Skyss og kostgodtgjersle	4 700		4 700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11651 Andre opplysningspliktige godtgjersler	700		700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11950 Kontigentar	7 000	7 000	0
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	13801 Kjøp frå IKS	212 000	212 000	0
Sum			307 000	281 423	25 577
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	13700 Kjøp ekstern tenesteprod. (erstatte komm teneste)	465 000	384 050	80 950
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	13801 Kjøp frå IKS		228 480	-228 480
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	14290 Mva som gir rett til mva-komp.	116 250	153 133	-36 883
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	17290 Mva-kompensasjon drift	-116 250	-153 133	36 883
Sum			465 000	612 530	-147 530
Sum			772 000	893 953	-121 953

Budsjett kontroll og revisjon 2022

 VINDAFJORD
KOMMUNE

Ansvar	Teneste	Art	Budsjett
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10800 Godtgjersle politiske verv	29 600
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10801 Møtegodtgjersle	20 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10802 Tapt arbeidsforteneste	2 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10990 Arbeidsgjevaravgift	7 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11151 Bevertning	2 500
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11306 Utgiftsdekning telefoni	
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11501 Opplæring og kurs	30 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11600 Skyss og kostgodtgjersle	4 700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11651 Andre opplysningspliktige godtgjersler	700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11950 Kontigentar	7 500
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	13801 Kjøp frå IKS	220 000
Sum 1102 Kontrollutval			324 000
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	13801 Kjøp frå IKS	901 000
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	14290 Mva som gir rett til mva-komp.	225 250
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	17290 Mva-kompensasjon drift	-225 250
Sum 1100 Revisjon			901 000
Sum totalt			1 225 000

VINDAFJORD KOMMUNE
 Perioderapportering 31.12.2021



Kunde	Måned												Tot. timer	Tot. sum eks mva
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12		
Regnskapsrevisjon							2	13,25	16,5	7,75	60,5	35	135,00	129 600
Bekreftelse/attestasjoner								6	14	33	6	16	75,00	72 000
Kontrollutvalg									11,5	3	2		16,50	15 840
Rådgivning											1		1,00	960
Forvaltningsrevisjon										2,5	8		10,50	10 080
Total sum	0	0	0	0	0	0	2	19,25	42	46,25	77,5	51	238,00	228 480

VINDAFJORD	FR	RR	ATT	KU	RÅD	TOTALT	SUM
B 2021	105,0	175,0	100,0	25,0		405,0	388 800
R 2021	10,5	135,0	75,0	16,5	1,0	238,0	228 480
B 2022	210,0	350,0	200,0	50,0		810,0	858 600

Budsjett 2022:

Anslag basert på erfaring fra våre eiere før utvidelse. Vil justeres når vi har bedre kunnskap på den enkelte kommune. Timeprisen økes i samsvar med representantskapets budsjettvedtak med kr 100,- for 2022 slik at timepris blir kr 1 060,- + mva for kommuner og kr 1 115,- + mva for andre. Det vises forøvrig til notat om budsjett 2022.

Forbruk 2021:

Ansaret for regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon ble overtatt fra og med 01.07.2021. I regnskapsrevisjonen er planlegging for 2021 gjennomført og interimsrevisjonen godt igang. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for tre terminer og ulike særattestasjoner som bl.a. spillemidler, TS midler og kompensasjonsmidler Korona.



VINDAFJORD KOMMUNE

Dato: 30.11.2021

Arkivsak-ID.: 21/9322

JournalpostID: 21/24584

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
080/21	Kommunestyret	14.12.2021

Forvaltningsrevisjonsrapport – Internkontroll i barnehage og skule

Kontrollutvalet si innstilling:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Internkontroll i barnehage og skule» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 9 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Kommunestyret 14.12.2021:

Behandling:

Endringsforslag fra AP til punkt 3, foreslått av Langeland, Solvår, Arbeiderpartiet

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Internkontroll i barnehage og skule» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 9 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren legg fram sak i kommunestyret om ett år, der det vert informert om oppfølginga av rapporten og status på tilrådingane.

Endringsforslag fra AP til punkt 3, lagt fram ved Wenche Lilleland.

Trekte forslaget før votering.

Innstillinga frå kontrollutvalet samrøystes vedtat med 25 røyster.

KS- 080/21 Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Internkontroll i barnehage og skule» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 9 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte til kontrolluvallet 27.oktober, vart sak 28/21 - Forvaltningsrevisjonsrapport – Internkontroll i barnehage og skule behandla og sendt vidare som sak til kommunestyret.

Saks- og faktaopplysningar

Sjå vedlegg.

Vedlegg:

Oversending av sak til kommunestyret - forvaltningsrevisjonsrapport

Brev sak 28-21 rapport - Internkontroll

Sak 28-21 Rapport - Internkontroll

Rapport -Internkontroll i barnehage og skule - Vindafjord kommune

HIM
 Telefon 52 76 50 50
 Telefax 52 76 50 51
 e-post: him@him.as



Representantskapet

Dato 02.11.21

INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK TORSDAG 2. DESEMBER 2021 KL 15.00

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. **Møtet holdes torsdag 02.12.21 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 47. Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Egil Våge
Bokn	June Grønnestad
Etne	Ordfører Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Etne	Varaordfører Kenneth Lyng Karlsen
Haugesund	Astri Furumo
Haugesund	John W. Pettersen
Haugesund	Karoline Sjøen Andersen
Haugesund	Arne Trygve Løvvik
Tysvær	Ordfører Sigmund Lier
Tysvær	Varaordfører Sven Ivar Dybdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal
Vindafjord	Varaordfører Tove Elise Olsen Frøland

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Lillian Grønnestad og Erik Nilssen
Etne	Kristin Golf og Knut Erik Ebne
Haugesund	Bjørn Breivik, Laila Tjerandsen, Sjur Risanger og Svein Inge Huseby
Tysvær	Lillian Vikra og Gunn Marit Lygre
Vindafjord	Gustav Løge Fosse og Modolf Haraldseid

Alle deltakerkommunene er varslet ved ordfører.

Innkallingen sendes også til:
 Haugaland kontrollutvalgssekretariat
 Styreleder i HIM, Arild Karlsen

Saksliste:**Innkalling**

Evt. merknader til innkallingen

Valg av møteleder og protokollfører

Valg av 2 representanter til å signere protokollen sammen med møteleder

Godkjenning av saksliste

Referat- og orienteringssaker:

21.06 Protokoll fra møte i representantskapet 26.05.21

21.07 Orientering om HIM pr desember 2021 ved Gro Staveland

21.08 Status for arbeid knyttet til samarbeid mellom HIM og Karmøy kommune

21.09 Orientering om regnskap og andre nøkkeltall ved økonomi- og administrasjonsleder
Trond Kampen

Vedtakssaker:

21.10 Budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025

Astri Furumo
Leder av representantskapet



Gro Staveland
Adm direktør

PROTOKOLL

REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND VEKST 2/21

DATO: fredag 10. desember 2021

TID: 09.00-09.40

STED: Teams

SAKSLISTE

Sak 05-21 Valg av møteleder

***Vedtak:** Arne-Christian Mohn ble enstemmig valgt*

Sak 06-21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

***Vedtak:** Godkjent*

Sak 07-21 Behandling av budsjett for 2022

Godkjent med korrigerende av to poster:

Regional, kommunikasjonsarbeid endres fra 125 000 til 95 000

Regional, andre driftskostnader endres fra 1 193 000 til 1 125 000

Sak 08-21 Valg av styre med leder og nestleder for perioden 2022-2023

***Vedtak:** Følgende ble valgt med funksjonstid fram til 31.12.23,*

Vibeke Vikse Johnsen, Karmøy styreleder

Ole Bernt Thorbjørnsen, Haugesund, nestleder

Jostein Førre, Sveio, medlem

Karin Dokken Austvik, Suldal, medlem

Sigurd Eikje, Tysvær, varamedlem

Ifølge §10 i selskapsavtalen skal det velges 5 representanter til styret. En følge av valget vil være at selskapsavtalens §10 må endres til at styret skal bestå av 4-5 medlemmer og at dersom styret består av 4 medlemmer skal styreleder ha dobbeltstemme. Det må også tas en vurdering på antall varamedlemmer i styret. Dette må tas opp som sak i det neste representantskapsmøtet.

Sak 09-21 Valg av leder, nestleder og arbeidsutvalg for perioden 2022-2023

***Vedtak:** Følgende ble valgt med funksjonstid fram til 31.12.23,*

Arne-Christian Mohn, Haugesund, leder

Sigmund Lier, Tysvær, nestleder

Arbeidsutvalg:

Arne-Christian Mohn, Haugesund

Sigmund Lier, Tysvær

Mette Heidi Bergsvåg, Etne

Det holdes fast ved at leder, nestleder og arbeidsutvalg velges for to år om gangen også ved framtidige valg.

Sak 10-21 Valg av revisor

Vedtak: KPMG er valgt.

Haugesund den 10.12.21,

Arne-Christian Mohn
Haugesund kommune

Sigmund Lier
Tysvær kommune

Osmund Våga
Bokn kommune

May Britt Jensen (på fullmakt)
Utsira kommune

Ole Johan Vierdal
Vindafjord kommune

Jarle Nilsen
Karmøy kommune

Arne Bergsvåg
Rogaland fylkeskommune

Mette Heidi Ekrheim
Etne kommune

Gerd Helen Bø
Suldal kommune

Linn Therese Erve
Sveio kommune

Kopi til: Interkommunalt kontrollutvalg

Forum for kontrollutvalg i Rogaland inviterer til konferanse

Konferanse for kontrollutvalgene

Quality Hotel Residence, Sandnes - 2 desember 2021

PROGRAM

09:00 – 10:00	Registrering og mingling
10:00	Velkommen
10:05 – 11.15	Koronapandemien Foredrag ved Geir Sverre Braut, seniorrådgiver, professor (HVL), SUS.
11:15	Pause – 15 minutter
11:30 – 12.15	Kommuneøkonomi Økonomidirektør Sandnes kommune Torunn S Nilsen
12:15 – 13.00	Lunsj
13.00 – 13.15	Kulturelt innslag ved Sandnes kulturskole
13:15 – 14.00	Skråblikk på erfaringer fra kontrollutvalgets arbeid Utvangsledere bidrar med sine refleksjoner rundt kontrollutvalgslederrollen. Hva så de for seg når de tok på seg denne rollen og ble det som forventet?
14:00	Pause – 15 minutter
14:15 – 15.15	Konsekvensen av korona-pandemien for kommunene Rogaland revisjon IKS
15:15	Pause – 10 minutter
15:25	Årsmøte – Forum for kontrollutvalg i Rogaland

Pris kr 950,- pr deltaker

Påmelding til mette.jensen.moen@rogfk.no senest innen utgangen av mandag 15. November 2021. Påmelding må inneholde: navn, verv/funksjon, kommune/firma, mailadresse.

Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse, vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Jan Petter Stangeland, 51 56 88 55

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland 2022

Statsforvalteren i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunar og fylkeskommunen med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Arkivverket, Kartverket og Kystverket og planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane, så langt som dei er planlagt medio desember.

Kommunen kan sjekka kva tilsyn som er under planlegging i si kommune i den [nasjonale tilsynskalenderen](#). For å sjå dei planlagde tilsyna må de ha ei rolle i kalenderen. Nærmare informasjon om rollesøknad og tilgang går fram på tilsynskalenderen si nettside.

Kommunar som ynskjer ein samtale med Statsforvalteren om prioritering og gjennomføring av tilsyna for 2022, kan ta kontakt med Jan Petter Stangeland, fmrojps@statsforvalteren.no innan 10. januar. Etter dette vil Statsforvalteren godkjenne dei planlagde tilsyna og dei vil bli lagt ut som offentlig informasjon i kalenderen.

Vi gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Arbeidstilsynet planlegg tilsyn med næringsgruppene i NACE kode 87 og 88, her under kommunale NAV. Arbeidstilsynet har foreløpig planer for første halvår. Fokus vil være førebygging av muskel- og skjelettplager og førebygging av psykiske plager (her under vald og truslar). Arbeidstilsynet vurderer også tilsyn med undervisningssektoren. Dersom dette blir aktuelt blir det i annet halvår 2022. Arbeidstilsynet har gitt uttrykk for at dei må ta høgde for endringar på grunn av pandemien.

Kartverket vil i år gjennomføre eit pilotprosjekt for å teste ut dokumenttilsyn. Det er difor ikkje planlagt tilsyn i form av systemrevisjon for kommunar i Rogaland i 2022. Kartverket trekkjer ut eit tilfeldig utval i grupper basert på folketal og fylkesvis fordeling og alle kommunane er med i kvart uttrekk. Det kan føra til at kommunar kan bli trekte ut til nytt tilsyn, kort tid etter førre tilsyn.

Mattilsynet vidareføre arbeidet med leidningsnett og leveringstryggleik på drikkevatn. Det vil og vere fokus på hygieniske barrierar, og kjeldebeskytting som toler klimaendringane. Mattilsynet vil og gjennomføre tilsyn med ein del institusjonskjøken. Desse tilsyna vil ikkje vera avtalte på førehand.



Arkivverket fører tilsyn med forsvarleg arkivhold og dokumentasjonsforvaltning i offentlig sektor. Dette inkluderer aller fasar i arkiva sine liv – frå dokumentfangst og arkivdanning i dagleg arkiv til langtidslagring i arkivdepot. I Arkivverkets årlege spørjeundersøking har nesten ein fjerdedel av kommunane rapportert at de aldri har overført uttrekk frå elektroniske arkivsystem til langtidsbevaring. Risiko for tap av dokumentasjon i elektroniske system er vektlagt spesielt i 2022. Nærmare informasjon om tilsynsverksemda finn ein på arkivverket.no.

Statsforvalteren planlegg i utgangspunktet å gjennomføre tilsyn med seks kommunar om kommunal beredskapsplikt. Desse er og såkalla samordna tilsyn i lag med helseberedskap. Dette gjelder Sokndal, Gjesdal, Randaberg, Stavanger, Bokn og Strand kommune. Vi er i ein pandemi som inneber at ressursbruken både hos Statsforvalteren og ikkje minst i kommunen ikkje rekker til både krisehandtere og samtidig gjennomføre tilsyn. Tilsyna kan bli utsett eller gjennomført som enkelt dokumenttilsyn.

Statsforvaltaren si utdanningsavdeling vil i 2022 gjennomføre felles nasjonale tilsyn (FNT) på områda kommunen som barnehagemynd, skulemiljø, skulebasert vurdering og grunnskuleopplæring for vaksne. I tillegg vil vi gjennomføre tilsyn med kommunane sine oppgåver etter integreringslova og rutinar for fritaking på dei nasjonale prøvane. Tilsyn om grunnskuleopplæring for vaksne og rutinar for fritaking på det nasjonale prøvane er skriftlege, mens dei andre tilsyna på barnehage- og grunnskuleområdet er stadlege tilsyn. Før vi innhentar dokumentasjon og intervjuar sentralt plasserte personar, gjennomfører vi eit opningsmøte. Her ønskjer vi ei brei involvering, og målsettinga er at tilsynstemaet blir godt forstått i kommunen.

Det er krevjande å planlegge tilsyn med kommunehelsetenesta i lys av den pågåande og stadig vekslande koronasituasjonen. Smittesporring, testing og ikkje minst gjennomføring av vaksinasjonsprogrammet krevjar store ressursar, og smitte og karantene fører til auke i fråvær. På den anna side er tilsyn eit viktig verktøy for å gje oppmerksomd og auke kompetansen inn mot tenestene til de svakaste gruppene. Vi vil derfor søkje å finne gode løysningar for korleis og når tilsyn kan gjennomførast i dialog med den enkelte kommune.

Planane for Statsforvaltaren si helse-, sosial- og barnevernsavdeling er at ein i 2022 skal gjennomføre landsomfattande tilsyn med kommunale barne- og avlastingsbustader. Barn i barne- og avlastingsbustader er sårbare og er i stor grad avhengige av hjelp frå andre for å handtere kvardagen sin og få behova sine ivaretatt på ein forsvarleg måte. Sjølv om det ikkje ligg føre data om kompetansedekning i barne- og avlastningsbustader er tilbagemeldingar frå fag- og brukarmiljø at det er mange ufaglærte i tenesteytinga. I tillegg er det ofte behov for samhandling rundt overgangar, blant anna frå foreldreheim til barne- og avlastningsbustad.

Det skal og gjennomførast landsomfattande tilsyn både på barnevern- og sosialområdet i 2022. På barnevernsområdet skal Statsforvalteren undersøke korleis den kommunale barneverntenesta ivareta sitt ansvar for oppfølging av barn som er plassert utanfor heimen.

Alle Statsforvaltarar skal frå hausten 2022 også føre tilsyn med Nav- kontoransvar for ivaretaking av barns behov ved tildeling av økonomisk stønad.

Vidare skal det gjennomførast to tilsyn med tema tvungen somatisk helsehjelp i kommunale helse- og omsorgstenester.

Statsforvaltaren si landbruksavdeling vil gjennomføre forvaltningskontroll i utvalde kommunar. Nytt i 2022 er at forvaltningskontrollen vil omfatte alle tilskotsordningar på landbruksområdet der kommunen er førsteinstans. Vi vil ha eit felles digitalt opningsmøte i februar med dei kommunane som vil bli kontrollerte i 2022. Landbruksavdelinga vil også i løpet av året sende ut et brev til kommunane om kommunen si rolle og ansvar når det gjeld forvaltning av tilskotsordningar på landbruksområdet.



Statsforvaltninga si miljøvernaving vil i 2022 gjennomføre tilsyn i utvalde kommunar med kommunanes forureiningsmyndigheit på avløpsanlegg (kap. 12 og 13). Det skal kontrollerast at kommunen behandlar søknader og fører tilsyn med utslepp av avløpsvatn og Statsforvalteren skal rettleie kommunane i forhold til myndigheitsutøving på regelverket.

Vidare skal ein gjennomføre en tilsynsaksjon på plastholdig laus fyllmateriale på idrettsbaner, for kontrollere at eigarar av idrettsbaner (kommune, idrettslag og forbund) overheld de nye krava i forureiningsforskrifta kap. 23 A som blei sett i kraft 1. juli 2021.

Det vil også bli gjennomført en tilsynsaksjon på kommunale og regionale brannøvingplasser for å kontrollere at det ikkje førekomme ulovleg utslepp av PFAS til vann og grunn, og at verksemd overheld vilkår gitt i løyve og/eller annet relevant regelverk.

Med helsing

Bent Høie
statsforvaltar

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
KS avd Rogaland	Postboks 1378 Vika	0161	OSLO
Arbeidstilsynet	Postboks 4720 Sluppen	7468	Trondheim
Kystverket	pb. 1502	6025	ÅLESUND
Rogaland kontrollutvalgssekretariat	Postboks 583	4302	SANDNES
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Mattilsynet, Felles postmottak	Postboks 383	2381	Brumunddal
Nasjonal Sikkerhetsmyndighet	Postboks 814	1306	Sandvika

Adresseliste:

Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK



Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså

HAUGALAND KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

Postboks 57

5575 AKSDAL

Dato: 22.11.2021

Saksnr.: 2020/70769

Dok.nr.: 19

Saksbehandler:

Mette Jensen Moen

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
 Mottatt dato: 22.11.21
 Journalført: 21/417/tha/ogh
 Arkivkode: 216

Forvaltningsrevisjonsrapporten Haugalandspakken

Vedlagt oversendes forvaltningsrevisjonsrapporten om Haugalandspakken. Rapporten er utarbeidet av Rogaland Revisjon IKS på oppdrag fra kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune.

I Rogaland fylkeskommune skal rapporten først behandles i kontroll- og kvalitetsutvalgets møte 25. november, deretter i fylkestingets møte 14. desember 2021.

Kontrollutvalgene i Karmøy, Haugesund, Tysvær, Vindafjord, Etne, Bokn og Sveio har bedt om å få rapporten oversendt.

Hilsen
 Mette Jensen Moen
 kontrollsjef

Kopi til:
 ogh@kontrollutvalgene.no
 tha@kontrollutvalgene.no

Vedlegg:
 1 Forvaltningsrevisjon Haugalandspakken

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.

FRA HAUGESUNDS AVIS:

«Dette er en knusende rapport for Haugalandspakken»



KNUSENDE RAPPORT: Svein Erik Indbjo fra Frp kaller granskingsrapporten for knusende. Foto: Harald Nordbakken (arkivfoto)

Av [Kent Olsen](#)

Publisert

14.12.21 17:43

Ord som «alvorlig, «kritikkverdig», «fadese» og «ansvarspulverisering» haglet da fylkestinget i Rogaland skulle behandle granskingsrapporten om Haugalandspakken.

POLITIKK: Hadde Haugalandspakken blitt til i dag hadde den ikke blitt godkjent. Det fastslår forvaltningsrevisjonen.

Forvaltningsrevisorene Linn Christin Rustøen og Therese Kristiansen skriver i rapporten at de savner et overordnet blikk for hvilke prosjekter som best hadde løst de trafikale utfordringene, samt en økonomisk oversikt og kontroll.

Rapporten var tirsdag til endelig behandling i Fylkestinget.

– Denne saken må nok kunne karakteriseres som alvorlig selv om deler av historien og situasjonen har vært kjent blant de som har vært sentrale aktører i Haugalandspakken før. Det er ikke daglig kost at revisor bruker såpass sterke begrep som svak styring, viktig informasjon mangler og ansvar blir ikke sikret for å nevne noen eksempler, sa leder for kontroll- og kvalitetsutvalget, Erlend Jordal (H).



Han fortalte at utvalget var nesten i villrede hvor en skulle begynne for å gripe fatt i situasjonen.

– Denne rapporten er på et veldig høyt alvorlighetsnivå som befinner seg litt under nivået på Ferder-rapporten fra 2020.

– En fadese

Svein Erik Indbjo fra Frp fikk ordet etter Jordal.

– Det er ikke tvil om at dette er en knusende rapport for Haugalandspakken. Det har vært en fadese etter noens mening, en intern kniving og viljen har vært større enn evnen i denne pakken, sa han.

Han er klar på at hvis det skal bli vedtak i Fylkestinget om ny Haugalandspakke så er fylket nødt til å ta styring og ikke overlate det til kommunene.

Venstre og Kjartan Alexander Lunde er også enig i revisjonen at man burde tenkt helhet i pakken.

– Vi i Venstre ser alvorlig på funnene i rapporten. Vi merker oss at flere av revisjonens intervjuobjekter omtaler Haugalandspakken som et skrekkeeksempel på en bompengepakke med store kostnadssprekker på flere prosjekt, og uten et overordnet blick på hvilke prosjekter som best hadde løst de trafikale utfordringene på Haugalandet, sa han.



MØTE: Styringsgruppa i Haugalandspakken. Foto: Haugesunds Avis (arkivfoto)

Forsvarer arbeidet

Solveig Ege Tengesdal (KrF) har selv ledet styringsgruppen i Haugalandspakken. Hun mente brevet fra Statens vegvesen var viktig å ta med seg i det videre arbeidet.

– Hovedinntrykket fra rapporten handler om at vi burde hatt en prioritert portefølje som burde blitt ajourført løpende. Det er en praksis som blir brukt i nye bompengepakker, men det var ikke en forutsetning eller et krav som lå til grunn da det i sin tid startet, sa hun.

Hun erkjente at det er mange av læringspunktene som er viktig for videre arbeid med utarbeidelse av nye bompengepakker på Haugalandet.

Samtidig rettet hun bekymring mot samarbeidet mellom kommunene på Haugalandet.

– Det er litt uryddig og leit det som er blitt uttrykt og ikke greit når noen av de som har blitt intervjuet har sagt at de små kommunene har rottet seg sammen mot bykommunen. Det er ikke noe som er med på å bygge videre samarbeid om store investeringsprosjekt innenfor samferdsel på Haugalandet, sa hun.



VIKTIG FOR VIDERE ARBEID: Tidligere fylkesordfører og leder av styringsgruppen i Haugalandspakken, Solveig Ege Tengesdal, erkjente at mange av læringspunktene er viktige for videre arbeid med nye bompengepakker på Haugalandet. Foto: Jan Kåre Ness (arkivfoto)

Ole Ueland fra Høyre var selv glad for at rapporten endelig lå på bordet.

– Det er en grunn for at rapporten er bestilt, og det handler om å lære. Jeg oppfatter det ikke slik at det er mål å avdekke eventuelle mislighold, men det har vært viktig å kunne lære hvordan arbeidet og pakken har vært satt opp for å gjøre ting på en bedre måte en annen gang, sa han.

Frode Myrhold fra Folkeaksjonen Nei til mer bompenger sa det var rystende lesing og et kroneksempel på hvorfor bompengepakker er en dårlig idé.

– Er dette rette måten å organisere infrastruktureltiltak på, spurte han.

– Vær litt forsiktig

Fylkesvaraordfører Arne Bergsvåg (Sp) mente at selv om mye kunne vært gjort annerledes over 15 år, må man konstatere at det ikke er alvorlige formelle brudd som er gjort.

Han minnet også om at kostnadsgrunnlaget for en del prosjekter som er bygget i 2015–2016 er i 2006-kroner og ikke kronejustert.

– Man skulle kanskje også tatt innover seg hva som har fungert. I motsetning til andre pakker har denne pakken en sikkerhetsventil at hvis det ikke blir enighet, da er det fylkestinget som til slutt avgjør. Det er viktig å ta med seg i det videre arbeidet, sa han.

Han reagerte også på påstander om konflikt mellom kommunene nord i fylket.

– Jeg tror man skal være litt forsiktig med å sitte her i Stavanger og mene for sterkt om hvordan samarbeidsklimaet er på nordsiden, i hvert fall til de som ikke er der ofte, sa han, og fremmet samtidig et tilleggspunkt om å ta med notatet til Statens vegvesen.

Helt på tampen kom han med en liten stikker:

– Den viktigste læringen vi har i denne saken er at det er for lite penger til samferdselsutbygging på Haugalandet.



KUNNE VÆRT ANNERLEDES: Fylkesvaraordfører Arne Bergsvåg (SP) mente at selv om mye kunne ha vært gjort annerledes, er det ingen alvorlige formelle brudd som er gjort. Foto: Alf-Robert Sommerbakk (arkivfoto)

Ikke kvalitetssikret

Fylkesordfører Chesak var enig i at Statens vegvesen sin rapport skulle bli lagt ved. Da ba Jordal om ordet.

– Det er ikke et problem at notatet legges ved, men jeg vil si tydelig at det er et partsinnlegg fra Statens vegvesen, og er ikke kvalitetssikret av verken Rogaland Revisjon eller fylkesadministrasjonen. Det blir hengt på som et brev som vil kun stå for vegvesenet sitt ansvar, sa Jordal, og la til at kontrollutvalget har allerede sett mange av momentene i brevet.

Bergsvågs tilleggspunkt ble vedtatt med 25 stemmer.

Fylkestingets behandling av sak 131/2021 i møte den 14.12.2021:

Behandling

Arne Bergsvåg, SP fremmet følgende alternative forslag til punkt 4:

4. For øvrig tas forvaltningsrevisjonsrapporten om Haugalandspakken til orientering med notatet fra Statens vegvesen.

Votering

Innstillingens punkt 1-3 ble enstemmig vedtatt.

Bergsvågs alternative forslag til punkt 4 ble vedtatt med 24 stemmer mot 23 stemmer (FrP, FNB, MDG, SV, V, Rødt, Espedal/AP, Nordgård/AP, Vanglo/AP, Øvstedal/AP, Jacobsen/AP, Vaule/AP, Hirzel, AP)

Vedtak

1. Rapportens innhold er alvorlig. Det manglet ett overordnet blikk for hvilke prosjekter som best hadde løst de trafikale utfordringene på Haugalandet, samt økonomisk oversikt og kontroll. Dette har påvirket gjennomføringen av Haugalandspakken negativt.
2. Det er levert beslutningsgrunnlag for en rekke prosjekter i Haugalandspakken som ikke er tilstrekkelig kvalitetssikret og oversiktlige for å kunne ta gode politiske beslutninger.
3. Rogaland fylkeskommune tar læringspunktene med i videre arbeid med organisering, styring og oppfølging av bompengepakker, inkludert de nye læringspunktene som ligger i saksprotokollen fra kontroll- og kvalitetsutvalgets behandling av rapporten.
4. For øvrig tas forvaltningsrevisjonsrapporten om Haugalandspakken til orientering med notatet fra Statens vegvesen

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	26.01.22	03/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

VINDAFJORD TOMTESELSKAP AS - ORIENTERING OM SELSKAPET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå Vindafjord Tomteselskap AS til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 17.11.21, sak 33/21 følgjande:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

1. møte 2022 Vindafjord Tomteselskap AS

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Utvalet kjem attende til saka i neste møte.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har eller kommunale selskap. På nettsida til selskapet står det mellom anna følgjande:

Om Vindafjord Tomteselskap AS

Vindafjord Tomteselskap er eigd av Vindafjord Kommune, Berge Sag og Trelast, Kalstveit og Vik, Omega AS, Vindafjord arbeidsgiverforum, Westcon, Ølen Betong og Haugesund Sparebank.

Vi vil leggje til rette for at fleire vil busetje seg i Vindafjord, og vise moglegheitene og alt det flotte med å bu i Vindafjord.

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 14.01.22

Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	26.01.22	04/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN OG KOMMUNALE SELSKAP

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

26.01.22	Vindafjord Tomteselskap AS
04.05.22	
01.06.22	
07.09.22	
05.10.22	
16.11.22	

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Saksorientering

Sekretariatet la fram sak om plan for orienteringar for dei neste to åra til møtet 16.06.20, sak 14/20. Utvalget vedtok følgjande:

<i>Møtet 09.09.20</i>	<i>administrasjonen v/rådmann</i>
<i>Møtet 04.11.20</i>	<i>oppvekst v/kommunalsjef Eide</i>
<i>1. møte 2021</i>	<i>helse og omsorg v/kommunalsjef Gjerdevik</i>
<i>2. møte 2021</i>	<i>økonomiavd. v/økonomisjef Bang</i>
<i>3. møte 2021</i>	<i>personal- og organisasjonssjef v/Dahle</i>
<i>4. møte 2021</i>	<i>samfunnsutviklar v/kommunalsjef Sandvik</i>

Utvalet virkar å ha vore nøgd med å bli orientert om drifta av kommunen og kva som skjer innan resultatområda og støtte/stabsfunksjonane. Planen er blitt følgt opp ved at leiarane har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis og ved å svare på spørsmål frå utvalet, har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår, m.m.

Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg for møta i 2022, for på den måten å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen og evt. eit selskap (som kommunen er deleigar i) si drift og utfordringar.

I møtet 17.11.21, sak 33/21 vedtok utvalet følgjande:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

1. møte 2022 Vindafjord Tomteselskap AS

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Utvalet kjem attende til saka i neste møte.

Kommunedirektøren er øvste leiar og den personen i administrasjonen som kontrollutvalet skal halde seg til. Invitasjonen går derfor via kommunedirektøren, som tar stilling til om vedkommande leiar for det aktuelle arbeidsområdet møter for å orientere på hans vegne. Etter reglementet kan tilsette også bli innkalla for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Kommunedirektøren skal då vere orientert om det.

Det kan vidare vere aktuelt å få orienteringar om kommunale selskap eller selskap der kommunen har eigarinteresser i. Nytt etter kommunelova § 23-6 siste ledd er at kontrollutvalet er også gjeven innsynsrett og rett til å gjere undersøkingar på tilsvarande måte overfor andre verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane kan berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakten er oppfylt.

Her er lista opp flesteparten av dei interkommunale selskapa og aksjeselskapa som kontrollutvalet har innsynsrett i etter kommuneloven § 23-6, første ledd eller som kommunen eig saman med andre aktørar:

- Haugaland Brann og Redning IKS
- Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS
- Aktio Kompetanse AS
- Haugaland Kraft AS
- Vindafjord og Etne Skatteoppkrejvarkontor
- Grannar AS
- Opero Holding AS
- Ølen Næringspark AS
- Holding Haugaland Næringspark AS
- Skånevik Ølen Kraftlag AS
- Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS
- Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS
- E134 Haukelivegen AS
- Haugaland Næringspark AS
- Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
- Haugaland Vekst IKS

- Haugalandmuseet AS
- Landbrukets Hus Vindafjord AS
- Vindafjord Tomteselskap AS
- Krisesenter Vest Iks
- Medvind24 Næringshage AS
- Aktio AS
- Rogaland Revisjon IKS
- Haugaland Industri AS
- Opero AS

Utvalet blir bedt om å ta stilling kven dei ønskjer å invitere på møta i 2022, evt året etter det. Utvalet kan og sette om kor lang tid den inviterte skal få til rådighet med eller utan spørsmål. Sist vedtak ble det sett 30-40 minutt inklusiv spørsmål.

Det er også greitt dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål at dei blir varsla via sekretariatet i forkant av orienteringane. Rekkjefølgen er det kontrollutvalet som vel, men det kan det bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som blir invitert.

Aksdal, 14.01.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	26.01.22	05/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «OPPFØLGING AV FØRESPURNADER TIL KOMMUNEN»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Oppfølging av førespurnader til kommunen» i samsvar med vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar.

Saksvedlegg: «Oppfølging av førespurnader til kommunen» – prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS, januar 2022

Saksorientering:

Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 17.11.21, i sak 32/21:

Vindafjord kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll og kvalitetssystem», med særleg vekt på barnehage og skule i neste møte.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektplanen som er vedlagt saka.

Revisjonen har skissert følgjande føremål:

Føremålet med prosjektet er å vurdere Vindafjord kommune sine rutinar og praksis for å ta imot og svara på førespurnader, med særskilt fokus på digitale førespurnader.

Revisor har utarbeidd følgjande problemstillingar:

1. *Korleis handterer kommunen førespurnader som kjem frå innbyggjarar i ulike kanalar?*
2. *Er kommunen sin sakshandsaming knytt til førespurnader i tråd med gjeldande lovkrav?*
3. *Korleis opplev innbyggjarane kontakten med kommunen, medrekna kommunen sine digitale kommunikasjonskanalar?*

Ressursbruk

Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på 200 timar. Det inkluderer utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar for 2022 er på 250 timar.

Kontrollutvalet må ved tinging vurderer om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 14.01.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Oppfølging av førespurnader til kommunen

Vindafjord kommune, 2022

Bakgrunn

Norske kommunar leverer om lag 180 lovpålagte oppgåver. De fleste oppgåvene inneber kontakt med tenestemottakarar, innbyggjarar, offentlege eller private instansar, presse, osv.

Måten kommunen tar imot og svarar på førespurnadene, kan ha mykje å seia for den det gjeld. Korleis dette blir handsama vil òg ha verknad på kommunen sitt omdømme og legitimitet i befolkninga.

Det finns fleire lover og forskrifter som stiller krav til kommunen sin handtering av førespurnader. Dei viktigaste generelle krava knytt til forsvarleg sakshandsaming finn vi i forvaltningslova. Dette er krav som omhandlar plikt til rettleiing, plikt til å grunngje og teieplikt, i tillegg til plikt til å ta hand om partsrettigheter, habilitet, klagerett og tidsfristar. I tillegg inneheld offentlegheitslova viktige prinsipp om offentlegheit, openheit og innsyn i sakshandsaminga.

Den generelle regelen om tidsfristar finn vi i forvaltningslova § 11a. Her heiter det at innkomne saker skal handterast utan ugrunna opphald. Dersom sakshandsaminga tar tid, skal det gis eit førebels svar med grunngjeving. Meir spesifikke tidsfristar finn vi i særlovar som til dømes plan- og bygningslova (med tidsfristar i byggesaker) og barnevernlova (frist for handtering av meldingar og gjennomføring av undersøkingar, mellom anna).

De fleste kommunane har i dag ulike løysingar for innbyggjarar som ynskjer kontakt. Dette kan vere telefon, e-post/ Digipost, kontakt via kommunen sin Facebook-side, chat, brev per post eller moglegheit for fysisk oppmøte. Gjennom sitt elektroniske sak- og arkivsystem forsøker kommunen å ta hand om krav til journalføring, arkivering, sakliste, møteprotokoll, restanseliste og innsyn.

For den einskilde innbyggjar vil det vere viktig å få nødvendig hjelp og svar. Innbyggjarane ventar rask responstid og god informasjon på kommunen sine nettsider. I dette prosjektet vil vi sjå nærmare på Vindafjord kommune sine rutinar og praksis for å ta imot og svara på førespurnader frå innbyggjarane, med et særskilt fokus på digitale førespurnader.

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Vindafjord kommune ba i møte 17.11.2021 om eit utkast til mandat for forvaltningsrevisjon.	<u>Problemstillingar:</u> • Korleis handterer kommunen førespurnader som kjem frå innbyggjarar i ulike kanalar? • Er kommunen sin sakshandsaming knytt til førespurnader i tråd med gjeldande lovkrav? • Korleis opplev innbyggjarane kontakten med kommunen, medrekna kommunen sine digitale kommunikasjonskanalar?
<u>Føremål:</u> Føremålet med prosjektet er å vurdere Vindafjord kommune sine rutinar og praksis for å ta imot og svara på førespurnader, med særskilt fokus på digitale førespurnader.	

Dersom datamaterialet skulle tilseie det, kan revisor gjere mindre endringar av problemstillingane undervegs. Større endringar må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventingar, og vil bli brukt til å vurdere funn frå dei undersøkingane som blir gjennomført. Kriteriene skal grunngjevast i, eller utleiast av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet kan følgjande kjelder vere aktuelle:

- Kommuneleva
- Forvaltningslova
- Offentlegheitslova
- Kommunen sine retningslinjer for sakshandsaming

Undervegs vil det tas stilling til kva grad det er andre revisjon- eller vurderingskriterier som det er naturleg å inkludere i prosjektet.

AVGRENSNING OG METODE

Tilnærminga vil basere seg på ein gjennomgang av relevante dokument frå kommunen, intervju, samt spørjeundersøking/ intervju med innbyggjarar som har vore i kontakt med kommunen. Her vil vi blant anna undersøka korleis innbyggjane vel å kontakta kommunen, om det digitale tilbodet er brukarvenleg og korleis innbyggjane opplev responsen frå kommunen.

I prosjektet vil det òg vere naudsynt å gjere nokre avgrensingar med omsyn til saker som skal undersøkjast. Dette kan baserast på eit tilfeldig utplukk frå kommunen sin totale sakshandsaming, avgrensa til enkelte sakar i kommunen, til dømes klagesaker.

OMFANG

I prosjektet er det lagt opp til et tett samarbeid med representantar frå kommunen. Tidsanslag til prosjektpåanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er om lag 200 timar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	26.01.22	06/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVISOR SINE RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGAR – FORENKLA ETTERLEVINGKONTROLL FOR 2021

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sine risiko- og vesentelegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.

Saksorientering

Bakgrunn

Fra oppdragsansvarlig revisor har sekretariatet den 14.01.22 fått følgende e-post:

«Det følger av KL § 24-9 at risiko og vesentlighetsvurdering for FEK (forenklet etterlevelseskontroll) skal legges fram for KU.

Normalt gjør vi dette i forbindelse med presentasjon av revisjonsstrategien på det første møtet i KU etter sommerferien. Dette er gjort i alle kommuner sør for Boknafjorden.

I kommunene på Haugalandet har vi kun presentert regelverket, men ikke risiko og vesentlighetsvurderingen da denne ikke var klar da regnskapsrevisjonen ble lagt fram. Fra og med neste år (2022) vil vi også her presentere risiko og vesentlighetsvurdering FEK samtidig med presentasjon av revisjonsstrategien slik at det blir like rutiner for alle kommuner

Kan dere derfor sette opp dette som sak på det neste møtet i KU. Presentasjonen tar maks 5-10 minutt.»

Etter kommuneloven § 23-2 bokstav a skal kontrollutvalget ”påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på en betryggende måte”. Tilsynet blir gjennomført ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalget om de ulike trinnene i revisjonsprosessen. Rapporteringen dekker både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge kommuneloven § 24-2 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor planlegge sitt arbeid, og da med årlig å utarbeide en plan for revisjon av regnskapet. Dette er et internt dokument som styrer det arbeidet revisor må gjøre for å kunne godkjenne regnskapet.

Rogaland Revisjon IKS har utarbeidet egen plan for hver kommune. Plan/strategi for Vindafjord kommune ble presentert for utvalget av oppdragsansvarlig regnskapsrevisor i høst.

Regnskapsrevisor har i tidligere hatt som hovedoppgave å gjennomføre en finansiell revisjon. Finansiell revisjon vil – grovt sagt – si å kontrollere at kommunens årsregnskap ikke inneholder vesentlige feil. Under finansiell revisjon vil regnskapsrevisor hovedsakelig rette revisjonen mot de delene av økonomiforvaltningen som har betydning for årsregnskapet.

I forbindelse med utarbeidelsen av ny kommunelov mente Stortinget at det også var behov for en bredere kontroll. Regnskapsrevisors mandat ble derfor utvidet med en «*forenklet etterlevelsesk kontroll*». Dette skal være en fast kontroll av de delene av økonomiforvaltningen som ikke nødvendigvis blir kontrollert under den finansielle revisjonen. Kontrollen skal altså være en kontroll av økonomiforvaltningen i forlengelsen av den finansielle revisjonen og skal som utgangspunkt rette seg mot de delene av økonomiforvaltningen som revisor ikke har gjennomgått ved sin finansielle revisjon.

Bestemmelsen om forenklet etterlevelsesk kontroll er nedfelt i kommunelovens § 24-9:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Som det fremgår av bestemmelsen innebærer oppgaven at revisor skal se etter om kommunens økonomiforvaltning «i hovedsak» foregår i samsvar med lover og forskrifter og vedtak. For det første må dette forstås slik at kontrollen rettes mot sentrale deler av økonomiforvaltningen, det vil si hvor feil og mangler vil kunne få vesentlige økonomiske konsekvenser, eller ha stor betydning for tilliten til kommunens økonomiforvaltning. For det andre må dette forstås slik at kontrollen som utgangspunkt rettes mot etterlevelsen av grunnleggende og overordnede krav til økonomiforvaltningen.

Utvidelsen av revisors oppgave må ses på bakgrunn av begrensede økonomiske rammer, og kontrollen skal basere seg på en «risiko- og vesentlighetsvurdering». I dette ligger det en vurdering opp mot de sentrale områdene innenfor kommunens økonomiforvaltning, og kontrollen må rettes mot områder der risikoen for vesentlige feil og mangler er størst. Hvilke kontrollhandlinger som skal utføres og hvor langt kontrollhandlingene skal gå for å avdekke eventuell manglende etterlevelse, må bygge på risiko- og vesentlighetsvurderinger og det som ellers vil følge av god kommunal revisjonsskikk.

Verken loven eller revisjonsforskriften regulerer nærmere i detalj hvordan revisor skal utføre sitt arbeid under kontrollen. Det vil derfor være opp til god kommunal revisjonsskikk å definere de nærmere avgrensningene av innholdet i revisors plikter. Det samme gjelder avklaringer av hvor grensen mellom etterlevelserevisjon og forvaltningsrevisjon skal gå.

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Den norske Revisorforening (DnR) har i denne sammenheng utarbeidet forslag til en standard «God kommunal revisjonsskikk RSK 101 for forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen». Det er anbefalt fra revisjonskomiteen i NKRF at regnskapsrevisor bruker standarden.

Begrepet «*vesentlig betydning for økonomiforvaltningen*» er omtalt i forslaget til standard RSK 101. I standarden er vesentlighet definert ut fra to betraktninger:

- Kvantitativ vesentlighet; beløpsstørrelse relatert til kommunen eller enkeltinnbyggere eller en gruppe innbyggere
- Kvalitativ vesentlighet; manglende etterlevelse av bestemmelser og vedtak som ikke nødvendigvis har vesentlig beløpsmessig betydning. Slike mangler kan likevel ha vesentlig betydning for økonomiforvaltningen på grunn av f.eks. potensielt omdømmetap og samfunnsmessig aktualitet.

Et eksempel på kvantitativ vesentlighet kan være beregning av selvkost. Feil i beregningene vil neppe være vesentlig for regnskapet, men for abonnentene kan det være vesentlig. Kvalitativ vesentlighet med potensielt omdømmetap og samfunnsmessig aktualitet kan være ved manglende etterlevelse av offentlige anskaffelser.

Hvis kommunen ikke følger kravene til konkurranse og kjøper tjenester til en høyere sum enn de kunne fått med anbud blir det ikke feil i regnskapet, men hvis dette blir kjent, vil det sannsynligvis bli et omdømmetap, tap av tillit fra andre leverandører og kommer dette i media, vil det også få samfunnsmessig aktualitet. Samfunnsmessig aktualitet kan også være områder kommunestyret er spesielt opptatt av, og det kan være manglende etterlevelse av vedtak på det området.

Revisor ønsker å legge fram sine risiko- og vesentlighetsvurderinger for kontrollutvalget i forkant av gjennomføringen av kontrollen for 2021.

Konklusjon

Dersom det ikke kommer fram noe spesielt i møtet, anbefales det at kontrollutvalget tar informasjonen fra Rogaland Revisjon til orientering.

Aksdal, 19.01.22

Toril Hallsjø
Daglig leder

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	26.01.22	07/22
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
OddGunnar Høie	033	

ÅRSPLAN FOR 2022

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Vindafjord kontrollutval godkjenner årsplan for 2022 (med evt. endringer/tillegg).

Vedlegg: Årsplan for 2022

Saksorientering

Sekretariatet har tidlegare år ikkje utarbeida ein årsplan for utvalet. Årsplanen er ikkje ein lovpålagt plan, men er tenkt som eit styringsverktøy for utvalet. Årsplanen er ein overordna plan som dekker faste og førebels kjente aktivitetar til kontrollutvalet i året som kjem.

Den gjer ei kort oversyn over sakshandsaminga i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet kjenner til at det vil bli arbeida med i året som kommer. Dersom det blir naudsynt å flytte på saker på grunn av revisor si kapasitet eller at kontrollutvalet ser trong til å gripe fatt i andre saker som oppstår undervegs i året vil kontrollutvalet kunne gjere det. Denne type endringar er delegert kontrollutvalet frå kommunestyret når det gjeld forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Eventuelle endringar/tillegg i planen som måtte komme i forbindelse med kontrollutvalet si handsamig vil bli innarbeida i etterkant.

Om vedtatt årsplan skal leggjast fram for kommunestyret til orientering, får utvalet evt. ta stilling til. Sekretariatet er av den meining at utvalet si årsmelding også inneheld mykje av det same som er omtalt i årsplan, slik at vi finn det ikkje naudsynt å leggje fram bae to sakene for kommunestyret i same møte, og legg dermed ikke fram innstilling om det.

Aksdal, 14.01.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Vindafjord kontrollutval

Årsplan 2022

1. Innleiing

Det er kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i Vindafjord kommune. Kommuneleva § 23-1 pålegg kommunestyret å velje eit kontrollutval som på deira vegne skal ha ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet rapporterer derfor direkte til kommunestyret.

Årsplanen for 2022 gjer ei kort oversikt over korleis kontroll og tilsyn frå kontrollutvalets side fungerer. Den viser også venta aktivitet for kontrollutvalet i året som kjem.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp det meste knytte til kommunens verksemd. Det gjeld utan hinder av teieplikt så sant det dreier som ei kontroll- og tilsynssak. Det er likevel to viktige avgrensingar:

1. kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar,
2. kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret.

Kontrollutvalet utfører i hovudsak sitt tilsyn med administrasjonen gjennom tilgang til forvaltninga sine dokument, samtalar med administrasjonen (rådmannen) og forvaltningsrevisjon /ev. andre undersøkingar som vert bestilt frå revisor.

2. Mål for kontrollutvalet i Vindafjord

Kontrollutvalets mål er å sjå til at kommunen følgjer lover og reglar og rettar seg etter politiske vedtak. I tillegg er kontrollutvalets mål å sjå til at verksemda er målretta, effektiv og i tråd med vedtekne etiske normer.

3. Sakshandsaminga i kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine møte er på kommunehuset, og er opne for alle. Innkalling og protokoll blir lagt ut på sekretariatet sine heimesider. Det skal også være link til desse på kommunens heimesider. Innkalling og protokoll blir også sendt til ordførar og rådmann. Kontrollutvalet vedtar sin møteplan for kommande år kvar haust. Kontrollutvalet har fastlagt møteplan for heile året, og har for 2022 planlagt 6 møter. Møteplanen er også lagt ut på sekretariatet sine nettsider www.kontrollutvalgene.no

For å sikre at kontrollutvalet er uavhengig både av kommuneadministrasjonen og av revisor, skal kontrollutvalet i tråd med kommunelova § 23-7 ha ein eigen administrasjon/sekretariat. Dette blir ivaretatt gjennom kjøp av tenester frå Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

Sekretariatet har ansvar for at kontrollutvalet sine saker er forsvarleg utgreia og at utvalet sine vedtak blir sett i verk. Medlemmene vert innkalla til møte av kontrollutvalssekretariatet i samarbeid med utvalsleiar.

4. Kontrollutvalet sine oppgaver

Kontrollutvalet bør ha fokus på systemkontroll. Kontrollutvalet har ikkje høve til å fatte vedtak som endrar eit enkeltvedtak, sjølv om utvalet sine undersøkingar skulle vise at ein sak ikkje er korrekt handsama. Dette må evt. bli gjort av kommunestyret etter innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalets oppgåve er å undersøke hendingar som kan indikere svikt i den kommunale sakshandsaminga, eller at kommunen ikkje følger dei lover og retningslinjer den er underlagt eller ikkje rettar seg etter vedtak i kommunestyret.

4.1 Kommunens regnskap, budsjett og internkontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapen blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal derfor mellom anna halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med dei føresegn som følgjer av loven og av god kommunal revisjonsskikk. Kontrollutvalet skal også følgja opp eventuelle merknader og påpeikingar frå revisor. Dette gjer kontrollutvalet i hovudsak gjennom orienteringar frå revisor kvar haust om planlagt revisjon i komande år, samt orientering om rekneskapen om våren.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om kommunen sitt årsrekneskap og årsmelding før formannskapet gjer si innstilling til kommunestyret. Denne uttalen skal være kjent for formannskapet før det gjer innstilling til kommunestyret om årsregnskapet.

Kontrollutvalets tilsyn omfattar då:

- følgje med på kommunens økonomistyring og budsjett disiplin gjennom året via orientering om kommunens tertialrapporter,
- følgje opp revisors merknader til rekneskap og internkontroll,
- tilsyn med revisor/følgje med i revisor sitt arbeid.

Dette blir gjort via revisors rapportering i forbindelse med årsoppgjeret, skriftleg uttale om kommunens økonomiforvaltning («forenkla etterlevingskontroll») og under orientering om planlegging av kommande revisjonsår.

4.2 Forvaltningsrevisjon 2022

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i tråd med vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024. Kontrollutvalet vil bestille prosjekt for levering i 2022 med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, samt tildelte budsjettmidlar:

- Forvaltningsrevisjonsrapport om oppfølging av førespurnader til kommunen (tinging 26.01.22)

Kontrollutvalet vil også følgje opp kommunestyrets vedtak til handsama rapporter ca. 6 – 12 månadar etter handsaming i kommunestyret. For 2022 gjeld det følgjande forvaltningsrevisjonsrapport som ble vedtatt i kommunestyret 14.12.21:

- Forvaltningsrevisjonsrapport «Internkontroll i barnehage og skule» (hausten 2022)

Utvalet vil ha ei ny oppfølging av rapporten om «Økonomistyring innan helse og omsorgstenesta» i mai 2022. Sak om oppfølging av rapport vert vidaresendt kommunestyret.

Kontroll av kommunalt heileide selskap er ein sjølvstendig del av forvaltningsrevisjonen. Det er ingen gjennomførte eigarskapskontroller (tidlegare selskapskontroller) som ikkje er følgt opp.

Kontrollutvalet vil også følge med i rådmannens arbeid med utarbeiding og behandling/ oppfølging av eigarstrategi.

Vidare har utvalet vedtatt følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap i 2022:

1. møte Vindafjord Tomteselskap IKS

Rapport frå gjennomført forvaltningsrevisjon vert oversendt kommunestyret for sluttbehandling. Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker som omhandlar forvaltningsrevisjon. Ved oppfølging av kommunestyrets vedtak til handsama rapporter vert desse vidaresendt som sak til kommunestyret når oppfølgingssak er handsama i kontrollutvalet.

4.3 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelovens § 23 pålegg kontrollutvalet å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon for kvar valperiode. Planen skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunens selskap. Det vil også bli bedt om innspel om prosjekter frå kommuneadministrasjonen, det politiske miljøet, revisor og sekretariatet. Planen skal vere vedtatt seinast innan utgangen av året etter at valet har funnet sted. Vindafjord kommunestyre vedtok den endelige versjonen av Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 i sitt møte 27.10.20.

4.4 Budsjett for kommunens kontrollarbeid

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Budsjettet omfattar kontrollutvalet sin eigen aktivitet, kjøp av administrasjons/sekretariatstenester og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalets framlegg til budsjett for kontrollarbeidet skal utarbeidast av kontrollutvalet sjølv, og det er bare kontrollutvalet som kan gjøre endringar i utvalets framlegg forut for den politiske budsjetthandsaminga. Kontrollutvalet opptrer på vegne av kommunestyret og er direkte underordna kommunestyret. Det er derfor viktig for kommunestyret å vere kjent med kontrollutvalets vurdering av det økonomiske behovet for kontroll- og tilsynsarbeidet. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg skal følgje formannskapet si innstilling og kan ikkje endrast av administrasjonen.

Kontrollutvalets oppgåver på området er:

- utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet komande år,
- følgje opp budsjett for inneverande år.

Budsjett for kjøp av tenester til revisjon og sekretariat vert utarbeida og vedtatt av representantskapet i Rogaland Revisjon IKS og representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

4.5 Andre oppgåver for utvalet

Ut over planlagde oppgåver vil kontrollutvalet også ta opp saker som måtte dukke opp undervegs i året og som er relevante for kontrollarbeidet.

Andre faste oppgåver som kontrollutvalet har planlagt er orienteringar om de kommunale tenestene. Mål for dette er god kjennskap til kommunens administrasjon og/eller selskapa, og bidra til god kommunikasjon og dialog.

På alle møta i kontrollutvalet vert også desse faste sakene/punkta sett opp:

- Godkjenning av protokoll frå sist møte
- Statusoversikt om kontrollutvalssaker
- Referat-/meldingssaker
- Eventuelt

Vindafjord, januar 2022

Kristian H. Resset
kontrollutvalsleiar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	26.01.22	08/22
Kommunestyret	15.02.22	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2021

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2021 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2021 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: Framlegg til årsmelding 2021

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2021 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2021 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 14.01.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2021



KONTROLLUTVALET I
VINDAFJORD KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2021.

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal **"kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret"**.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Kristian H. Rasset (BBL)
Nestleiar	Anne T. S. Andersen (H)
Medlem	Knut S. Berge (Frp)
Medlem	Eivind Hetland (Krf)
Medlem	Olau Mari Øen (Sp)

Varamedlemmer

1. Øyvind Oland (H)
2. Inga E. Steinsland (Sp)
3. Gunnstein Koch (Krf)
4. Sverre Hustveit (Frp)
5. Linn Gjerde (BBL)

Utvallsleiar Rasset er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvallsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ordførar eller fungerande ordførar har ikkje vore til stades på fire av seks møte i 2021. Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Kommunedirektøren eller andre frå administrasjonen har vore til stades på alle seks møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. Sakspapira og protokollar blir lagt ut på sekretariatet sine sider.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2021

Kontrollutvalet har i 2021 hatt **6** (6) møter fordelt på tre møte første halvår og tre møter andre halvår. Utvalet held møta på rådhuset. Kontrollutvalet har opne møte, men dei skal og kan lukke når det er heimla i lov. Møtet i januar og november blei gjennomført digitalt på Teams.

Utvalet har hatt **34** (38) saker til handsaming, kor **5** (8) av sakene blei vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **49** (46) saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På dei digitale konferansane i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i april og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni deltok leiar og nestleiar. På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland i desember deltok nestleiar. Leiar måtte melde avbod på kort varsel.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føreseigner, god kommunal rekneskapsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 05.05.21, sak 11/21 kommunen sin årsrekneskap for 2020 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på kr 47,1 mill.kr, som utgjer 5.8 % av driftsinntektene. Det var eit betre resultat enn året før (1,5 %) og resultatet var øve Teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Vindafjord kommune sin plan for 2021-2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 27.10.20, sak 63/20.

Arbeidet med planen starta på våren med eit risikospel og det blei av revisjonen utarbeida utkast til plan med risiko – og vurderingar. Utvalet drøfta planen i oktober og kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. *Internkontroll og kvalitetssystem*
2. *Investeringar*
3. *Barnevernstenesta*
4. *Digitalisering og IKT*
5. *Plan- og byggesak*

Rapport om «*Internkontroll i barnehage og skule*» blei lagt fram for kontrollutvalet i oktober og kommunestyret 14.12.21, sak 80/21. Revisor hadde peika på fleire forbetringsspunkt, som var sett opp i ni tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til ni månader. Tilbakemelding er venta hausten 2022.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet om «*Økonomistyring innan helse og omsorg*» blei lagt fram for kontrollutvalet i mai og kommunestyret 22.06.21, sak 22/21. Kommunestyret tok kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering. Kontrollutvalet har bede om ei ny oppfølging i mai 2022.

Kontrollutvalet valde i novembermøtet «*Digitalisering og IKT*» som nytt prosjekt for levering i 2022.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføringa. Planen for 2021-2024 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 27.10.20, sak 62/20. I følgje planen er prioriteringslista følgjande:

1. *Vindafjord tomteselskap AS*
2. *Krisesenter Vest IKS*
3. *Arbeidsmarknadsbedrifter (Øyane ASVO, Haugaland industri, Opero)*
4. *Haugaland brann og redning IKS*

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2021.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Deloitte AS var kommunen sitt revisjonsselskap fram til 30.06.21. Revisorane deltok via Teams i møta på våren. Frå 01.07.21 overtok Rogaland Revisjon IKS med Tore Kristensen som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Han fekk møtt utvalet i september. I oktober og november deltok revisorane digitalt.

Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 22.06.21, sak 43/21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimsrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Deloitte AS kom med si uttale for rekneskapsåret 2020 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen, og attestasjonen var utan atterhald eller merknader.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

Utvalet vedtok ein plan for orienteringar frå administrasjonen i juni 2020. Administrasjonen har følgd opp denne planen. I februarmøtet orienterte kommunalsjefen for helse og omsorg. Økonomisjefen orienterte i mai, og personalsjefen i junimøtet. I september orienterte kommunalsjef for samfunnsutvikling.

Utvalet har invitert Vindafjord Tomteselskap AS til å orientera i fyrste møte på nyåret.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2021:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2020	BUDSJETT 2021	REKNESKAP 2021
Godtgjersle og driftsutgifter	88 824	95 000	69 423
Revisjonstenester	464 197	465 000	612 530
Sekretariatstenester	205 000	212 000	212 000
Sum utgifter	758 021	772 000	893 953

Kontrollutvalet handsama hausten 2021 framlegg til totalbudsjett for tilsyn og kontroll for 2022. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 225 000.

For arbeidet i utvalet er det budsjettert med 104 000, til kjøp av sekretariatstenester 220 000 og kjøp av revisjonstenester (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) kr 901 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytt opp mot kommunedirektør eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 17 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Solvår Langeland valt medlem i representantskapet med Mats Årvik som varamedlem. Langeland deltok på det digitale representantskapsmøte 26.04.21.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2021 har vore nesten som planlagt. Fleire av møta har vore heilt eller delvis digitale.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport har blitt utarbeida og presentert. Undersøkinga om internkontroll i barnehage og skule viste at kommunen har forbettringspotensiale. Utvalet har handsaming oppfølging av rapporten om økonomistyring innan helse og omsorg. Neste prosjekt er valt og vil omhandle kommunen si handtering av førespurnader til kommunen.

Rogaland Revisjon IKS blei kommunen sin revisor frå 01.07.21.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Ølen, 26. januar 2022

Anne T. S. Andersen

Kristian H. Risset
Leiar

Olaug Mari Øen

Knut S. Berge

Eivind Hetland

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/21 Godkjenning av protokoll frå møte 04.11.20
- 02/21 Referat- og orienteringssaker 03.02.21
- 03/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef helse og omsorg
- 04/21 Brukarundersøking innan «Rus- og psykiatritenesta»
- 05/21 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Internkontroll i barnehage og skule»
- 06/21 Invitasjon til deltaking i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken
- 07/21 Årsmelding for kontrollutvalet 2020

- 08/21 Godkjenning av protokoll frå møte 03.02.21
- 09/21 Referat- og orienteringssaker 05.05.21
- 10/21 Orientering frå administrasjonen – økonomisjef
- 11/21 Vindafjord kommune - uttale til rekneskapen for 2020
- 12/21 Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2020 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga
- 13/21 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Økonomistyring innan helse og omsorg»

- 14/21 Godkjenning av protokoll frå møte 05.05.21
- 15/21 Referat- og orienteringssaker 16.06.21
- 16/21 Orientering frå administrasjonen – personal- og organisasjonssjef
- 17/21 Innspel frå utvalsleiar til mogleg forvaltningsrevisjon
- 18/21 Informasjonsstrategi for kontrollutvalet

- 19/21 Godkjenning av protokoll frå møte 16.06.21
- 20/21 Referat- og orienteringssaker 08.09.21
- 21/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef for samfunnsutvikling
- 22/21 Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde
- 23/21 Revisor si eigenerklæring for 2021
- 24/21 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsåret 2021
- 25/21 Budsjettframlegg 2022 - kontrollarbeidet i kommunen

- 26/21 Godkjenning av protokoll frå møte 08.09.21
- 27/21 Referat- og orienteringssaker 27.10.21
- 28/21 Forvaltningsrevisjonsrapport «Internkontroll i barnehage og skule»
- 29/21 Føreburing til val av revisjonsprosjekt og tilsynsaktivitetar

- 30/21 Godkjenning av protokoll frå møte 27.10.21
- 31/21 Referat- og orienteringssaker 17.11.21
- 32/21 Val av nytt revisjonsprosjekt
- 33/21 Plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap
- 34/21 Framlegg til møteplan for 2022

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2021
2. Oversikt over kostnadene til kontroll og revisjon 2020 og budsjett 2021
3. KST-vedtak 15.12.20, sak 75/20 – rapport «Økonomistyring innad helse og omsorg»
4. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 02.12.20
5. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 13.11.20
6. Statusrapport pr. mai 2021
7. Løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Internkontroll i barnehage og skule»
8. Samarbeidsmøte med politisk leiing, administrasjonen og kontrollutvalet 26.05.21
9. KST-vedtak 16.02.21, sak 07/21 – Årsmelding for kontrollutvalet 2020
10. KST-vedtak 16.02.21, sak 04/21 – Brukarundersøking innad Rus- og psykiatritenesta
11. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. april 2021
12. Sak til 17 kommunar - Opptak av 9 kommunar som nye deltakarar i Rogaland Revisjon IKS
13. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland brann og redning IKS
14. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Vekst IKS
15. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
16. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
17. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
18. NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 21.- 22.04.21- leiar og nestleiar deltok
19. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021
20. KMD mars 2021 -Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften
21. Statusrapport pr. juni 2021
22. Løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Internkontroll i barnehage og skule»
23. Referat frå samarbeidsmøte 26.05.21 med politisk leiing, administrativ leiing og leiar, nestleiar og sekretær i kontrollutvalet
24. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. juni 2021
25. Representantskapsmøte 26.05.21 – HIM IKS
26. FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021 – leiar og nestleiar deltok
27. KST-sak - Rogaland Revisjon IKS – godkjenning av selskapsavtale, samarbeidsavtale og eigarstrategi
28. KMD sitt brev av 03.06.21 vedk. varslng til kontrollutvalet om møter i selskap
29. Statusrapport pr. september 2021
30. Løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Internkontroll i barnehage og skule» - Deloitte AS
31. Bekymring for brann og redningsberedskapen i Vindafjord kommune, kopi av brev frå Håvard Vestbø - Stasjonsmester Ølen brannstasjon

32. KST-vedtak 22.06.21, sak 22/21 – oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Økonomistyring innan helse og omsorg»
33. KST-vedtak 22.06.21, sak 43/21 – godkjenning av avtaler med Rogaland Revisjon IKS
34. Økonomirapport kontroll og tilsyn pr. september 2021
35. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
36. Haugaland brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 24.08.21
37. FKT-medlemsinformasjon juni 2021
38. Statusrapport pr. oktober 2021
39. Økonomirapport kontroll og tilsyn pr. oktober 2021
40. Tilsynsrapport frå statsforvaltaren i Rogaland frå 2020 om «Individuell plan for deltakarar i introduksjonsprogram. Introduksjonslova § 6 og § 19»
41. Vindafjord kommune sitt svar til statsforvaltaren på tilsynsrapporten.
42. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 12.11.21
43. FKT-medlemsinformasjon september 2021
44. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
45. Statusrapport pr. november 2021
46. Økonomirapport kontroll og tilsyn pr. november 2021
47. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 02.12.21
48. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 10.12.21
49. Invitasjon til NKRF's kontrollutvalgskonferanse 2. – 3. februar 2022